



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Sakshands.: LAK Vår ref.: 16/110-70 Dykkar ref.: Dato: 06.10.2017
Direktetlf.: 56327521 Arkiv: 101

Søknad om utsetting av rapport og utbetaling

Sund kommune er takksam for BARK-midlar på kr 200.000 til prosjektet Skaganeset/Kvalvågen.

Ei prosjektgruppe er etablert og arbeidet er godt i gang. Slik vi vurderer prosjektet i dag, er vi ikkje komne så langt at vi kan rapportera på det. Tilsegnet om tilskot kom i mai, så vi har berre hatt eit halvt år på oss.

Prosjektplanen vart lagt fram og godkjend i den politiske styringsgruppa Næring og utvikling i møte 27.09.17. Prosjektet er budsjettert med BARK-midlar, kommunale midlar og eigeninnsats, dugnader og prosjektmidlar på skilt og teljeapparat som turlaget disponerer. Revidert budsjett er på kr 530.000.

Tilskotet med BARK-midlar går til lønsutgifter til prosjektmedarbeidar for arbeid hovudsakleg ute i felt. Han har eit engasjement som varer ut året.

Vi ber om å få utsett rapportering til januar 2018 samtidig med at vi først då ber om utbetaling av tilskotssummen på kr 200.000. Då skal fase 1 i prosjektet vera ferdig, og vi har rekneskapen klar for heile 2017.

Eg håper at det er forståing for dette!

Med venleg helsing
Laila Klemetsaune
leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.